

## H O R D A L A N D .

Eigen tone.

Hordaland. Hordaland. Hordaland.  
Øykransa, dalkløyvt og sundskore.  
Fjordblått, men steingrått og hardvore.  
Brettlendt, med snøfjellet høgbore.  
Skiftande, storfellt fra Skaparens hand  
er Du, vårt Hordaland.

Hordaland. Hordaland. Hordaland.  
Nordhav kring stormslitne strendene,  
tøygjer dei ålvåte hendene  
inn i mot dalane, grendene.  
Elvar fra fjelli som sylkvite band,  
glitrar i Hordaland.

Hordaland. Hordaland. Hordaland.  
Fjellvidd, med småvotni drøymande.  
Svartdjuv, med snøskridor fløymande.  
Storelv, mot fjordbotnen strøymande.  
Ulike årstider møtast i bland  
kringom i Hordaland.

Hordaland. Hordaland. Hordaland.  
Langsmed dei snøkvite tindane,  
over dei skogkledde rindane,  
svalar dei dunmjuke vindane.  
Solegladstemning set Himlen i brand  
over vårt Hordaland.

Hordaland. Hordaland. Hordaland.  
Snøstorm som ruskar i liene.  
Bakkar med ungdom på skiene.  
Landslyd, som fylgjer med tidene.  
Frukt av kvar einskild arbeidande hand  
pryder vårt Hordaland.

Herren hev omsorg for Hordaland.  
Han opnar veg gjennom stengslene,  
trøystar og styrkjer i trengslone.  
Han gjev og vengjer til lengslone.  
Leider og styd med si mektige hand  
heile vårt Hordaland.

Johs. M. L. Rydalund.